

Planutvalet
Selje kommune
v/ordfører

PRIVAT REGULERINGSFRAMLEGG FOR GNR/BRNR 76/9 PÅ BARMEN I SELJE KOMMUNE

Terje Vartdal kjøpte gnr.76/9 på Barmen i 2006. Han ynskjer å regulere delar av teigane på eigedommen til fritidsbebyggelse. Han vil sjølv behalde tunområdet som fritidsbustad. Det er ikkje meininga å starte utbygging på alle teigane samstundes, men ta det litt over tid.

Vartdal ynskjer med denne reguleringa først og framst å utvilke eigedommen og skape grunnlag for auka aktivitet på Barmen. Dette kan vere med på å stabilisere grunnlaget for dei funksjonane som enno finst på øya og kan kanskje også gje grunnlag for nye funksjonar på staden ialle fall i sommarhalvåret.

Det er tre teigar som tilhøyrrer bruket, og regulering på alle tre teigane vert fremja i felles plan:

Det er utarbeidd tre reguleringskart med tilhøyrande føresegner:

1: NERLID HYTTEGREND: Dette omfattar heimeteigen med sjøområdet

2: HORNET HYTTEFELT: Delar av fjellteigen omkring Northing AS sitt anlegg på fjellet

3: FJELLVATNET HYTTEGREND: Området rett sør for samfunnshuset ved Fjellvatnet.

Reguleringsarbeidet starta med førehandsmelding i tida 6.des 2007 til 10.jan. 2008.

Vi har ikkje hatt førehandskonferanse med Selje kommune, og vi har heller ikkje fått skriftleg tilbakemelding frå kommunen i samband med førehandsmeldinga på planen, anna enn at vi på vår telefonhenvendelse til administrasjonen vart oppmoda om å kome med planframlegg så skal kommunen seie si meining når framlegget ligg føre. Vi veit soleis ingenting om kva planutvalet i Selje kommune måtte meine om lokalisering og utforming av hyttefeltet.

Vi har fått bra respons frå lokale lag- og foreiningar på Barmen, og både Fylkesmannen i S&Fjd. og Kystverket har kome med grundige og nyttige innspel (Sjå vedlegg) Vi meiner å ha kome fram til ei planutforming som er sopass i tråd med resultatet av førehandsmeldinga at vi no finn å kunne legge fram eit første utkast til reguleringsframlegg for dei tre teigane på eigedommen 76/9.

Overordna plan:

Nogjeldande kommuneplan vart vedteken i 1994 og er (etter det eg veit) ikkje rullert sidan den tid. Vi har ikkje fått andre opplysningar frå Selje kommune enn at”kommuneplanen skal rullerast”... utan at dette er igangsett eller spesielt prioritert. Dette er problematisk for oss då all regulering sjølv sagt bør heimlast i overordna plan. På den andre sida har vel Barmen vore eit fråflyttingsområde som kanskje treng litt ny aktivitet, og slikt vert vel ofte skapt gjennom initiativet til einskildpersonar. Vi ber difor om ei realitetsvurdering av reguleringsframlegget trass i manglande oversiktsplan.

Planframstilling:

Dei tre plankarta er framstilt med litt illustrasjon. Ved evt. utlegging til off. ettersyn vil vi klikke av og på nokre lag for å fjerne illustrasjonar og få fram skravurar etc. slik at plankarta får den formelt rette framstillinga.

Volda, 6.mai 2008.
Svein Holmen.

Vedlegg:

Reguleringsrapport datert 2.mai 2008 m. kart og føresegner.

PS: Planrapporten er tilgjengeleg på www.barmen.no